



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Miljøvernavdelinga

Bykle kommune
Teknisk drift og eigedom

4754 Bykle

Dykkar ref.

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2008/999 / VSK

Dato
10.12.2008

UTSLEPPSLØYVE - BYKLE KOMMUNE - HARTEVATN REINSEDISTRIKT

Vi viser til søknad om utsleppsløyve av 18.02.08, tilleggsopplysningar til søknaden av 07.04.08 og annan korrespondanse i saka. Vedlagt følgjer utsleppsløyve med vilkår.

Program for resipientovervaking skal sendast fylkesmannen innan anlegget settast i drift.

Vi gjør merksam på at vedtak om utsleppsløyve kan klagast på til Statens forurensningsinstilsyn (SFT) innan ein frist på 3 veker etter at det er motteke. Ei eventuell klage skal sendast Fylkesmannen i Aust Agder, miljøvernavdelinga, Serviceboks 606, 4809 Arendal. Klagen skal vere skriftleg og bør vere grunngjeve.

Løyvet må gjerast kjent i samsvar med forurensningsforskrifta § 36-11. Bykle kommune må minimum annonsere løyvet i lokalavis. Fylkesmannen vil skrive ei annonsering om løyvet på vår heimeside www.fylkesmannen.no/aa.

Med helsing

Eva Boman
Ass. direktør

Veronica Skjævestad
Rådgjevar

Vedlegg: Utsleppsløyve med vilkår
Klageskjema

Kopi til:
Sweco Norge AS Postboks 120 3835 Seljord



UTSLEPPSLØYVE

I medhald av *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova) §§ 11 og 16, gir Fylkesmannen i Aust-Agder

Bykle kommune

løyve til å sleppe ut kommunalt avløpsvatn til Hartevatn via reinseanlegg, innafør dei rammer som går fram av dette dokumentet med vedlegg.

Dette løyvet kjem i staden for tidlegare løyve datert 25.01.01.

Løyvet gjeld frå dags dato.

NØKKELOPPLYSNINGAR

Søkjjar:	Bykle kommune
Postadresse:	Teknisk drift og eigedom, 4754 Bykle
Verksemd:	Reinseanlegg
Lokalisering:	Hovden
Resipient:	Hartevatn
Kommune:	Bykle
Fylke:	Aust-Agder
Risikoklasse:	3
UTM-koordinat:	
Vår referanse:	07/3157/vsk

Dato: 10.12.2008

Eva Boman
Ass. direktør

Veronica Skjævestad
Rådgjevar

DEL 1 UTSLEPPSLØYVE

1.0 Generelt

Bakgrunn for saka:

Bykle kommune søker om løyve til utslepp av avløpsvatn frå Hovden og Midtregionen reinsedistrikt. Fylkesmannen i Aust Agder har tidlegare gitt utsleppsløyve til Hovden reinsedistrikt (25.01.01) og Midtregionen reinsedistrikt (21.02.06). Det ligg føre utbyggingsplanar både på Hovden og i Midtregionen. Det eksisterande reinseanlegget på Hovden må i samband med dette gjennomføre tiltak for å tilfredsstille dei nye krava i forureiningsforskrifta kap. 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*. Bykle kommune ønskjer å samordne desse prosjekta og søker om eit nytt felles reinseanlegg for Midtregionen og Hovden. Det nye reinseanlegget skal lokalisert sør i Hartevatn.

Søknaden omfattar reinsa utslepp frå faste bustader, fritidsbustader, hotell og næringsverksemdar. Maksimal belastning på reinseanlegget for gjeldande planer er berekna til 14 400 pe pr. veke. Anlegget vil bli dimensjonert og planlagt for 14 400 pe, men Bykle kommune ønskjer å tilrettelegge for utviding til 20 000 pe.

Hovden reinseanlegg er pr. i dag eit kjemisk reinseanlegg, men Bykle kommune søker nå om løyve til eit biologisk/kjemisk reinseanlegg som skal sørge for sekundærreinsing i samsvar med kravet i forureiningsforskrifta.

Hartevatn er svakt regulert, med høgaste regulerte vass-stand på kote 758,9 og lågaste regulerte vass-stand på kote 757,3. Det blir pumpa vatn frå Breivevatn via pumpekraftverk til Vatnedalsvatnet. Utsleppsvatn frå reinseanlegget i Hartevatn vil derfor til ein viss grad ledast nordover og mot Breive. Overløpsterskelen i Hartevatn ligg på kote 759,06. Ved tilfeller med flom og høg vassføring går vatnet derfor i overløp til Otra. Det er ei minstevassføring ut av Hartevatn (til Otra) på 2 m³/s i sommerhalvåret og 0,5 m³/s i vinterhalvåret.

Det er søkt om utslepp av avløpsvatn sør i Hartevatn. Avløpsvatnet skal førast ut under lågaste regulerte vassstand. Ein ønskjer å plassere utsleppspunktet slik at mest mogeleg av utsleppsvatnet skal førast nordover mot Breive i forbindelse med vassreguleringa. Det er berekna eit fosfor-utslepp etter reinsing på 525 kg pr år. I tillegg kjem eventuelt lekkasjetap frå avløpsleidningar som er berekna opp til 525 kg pr år.

NIVA har i rapport 5552-2008 vurdert Hartevatn som resipient i samband med auka fosforutslepp frå reinseanlegget.

1.1 Ramme for løyvet

Underlag for løyvet

Føljande lover og forskrifter er særleg relevante for verksemda:

- Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kap. 11 *Generelle bestemmelser om avløp* og kap. 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*.

Ansvarsforhold, tvangsmulkt, straff

Den som har fått løyvet har ansvar for til ei kvar tid å overhalde krava og vilkåra som er sett i dette løyvet. Dette inneber blant anna at anlegg og utstyr skal bli drive og heldt vedlike slik at utsleppa blir minimert. Den ansvarlege pliktar gjennom internkontroll og andre tiltak å sørge for at anlegget blir drive slik at ulemper og skadeverknadar blir mest mogleg avgrensa.

Handling i strid med vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10. Løyve til utslepp fritar ikkje for erstatningsansvar etter alminnelege erstatningsreglar, jf. forureiningslova § 10, 2. ledd.

I medhald av forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsette tvangsmulkt for å sikre at tiltaka blir gjennomført som føresett i utsleppsløyvet.

Løyve etter andre lover

Fylkesmannen føresett at løyve for andre konsesjonspliktige forhold ligg føre før dette løyvet blir teke i bruk f. eks. plan og bygninglova og vannressurslova.

1.2 Grunngeving

Høyring

Søknaden har vore ute på høyring i perioden 16. mai – 23. juni 2008. Søknaden har vore tilgjengeleg ved Bykle rådhus og Hovden Grendelag og kunngjort i Setesdølen, Fædrelandsvennen, Agderposten og Norsk Lysningsblad.

Det har ikkje komme inn uttaler i forbindelse med høyringa.

Fylkesmannen si vurdering

Ingen kan sette i verk nye utslepp eller auke utslepp vesentleg utan at det er gitt løyve etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 14-4. Nytt regelverk for avløp (gjeldande frå 01.01.2007) krev at kommunalt avløpsvatn med utslepp til følsamt og normalt område skal gjennomgå fosforfjerning og sekundærreinsing, noko som vil seie at det blir sett spesifikke krav til utslepp av fosfor, BOF_5 og KOF_{CR} . Avløpsanlegget ved Hartevatn kjem i kategorien utslepp til følsamt område. Det er planlagt å bygge eit reinsetrinn for biologisk og kjemisk reinsing ved det nye anlegget som skal tilfredsstillere kravet til sekundærreinsing og fosforfjerning.

Med tanke på at ein kjenner til at ulike anlegg har hatt problem med å oppfylle krava til reinsing av BOF_5 og KOF_{CR} , er det svært viktig at løyvehaveren frå starten av får på plass rutinar som sørgjer for at ein når eit reisenivå som tilfredsstillere alle krava i løyvet. Anlegget må drivast av kyndig personell og løyvehaver må sørgje for å innføre gode driftsrutinar for å unngå innlekking av grunnvatn, lekkasjar og liknande. Slike rutiner må gå fram av internkontrollen i verksemda.

Forureiningsforskrifta § 14 stiller krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegget, prøvetaking, analyse og vurdering av analyseresultat, samt varsling av avvik frå reinsekrav. Desse krava omtalast nærmare i del 2, Vilkår for utsleppsløyve. Reinseanlegget må byggjast på ein slik måte at det takler den varierende belastninga som er forventa.

NIVA har utarbeidd ei resipientvurdering av Hartevatn basert på framtidig fosforbelastning i frå planlagt auke i antall fritidsbustader. NIVA konkluderer med at Hartevatn i dag har låge fosforkonsentrasjonar og at ein auka fosfortilførsel som følgje av utbygginga ikkje vil føre til ein uakseptabel tilstand for Hartevatn. Hartevatn vil etter utbygginga framleis ha noko å gå på før tilstanden blir uakseptabel. Forventa utslepp frå anlegget er 1050 kg fosfor pr år (inkludert lekkasjetap frå avløpsleidningar). Total tilførsel til Hartevatn, inkludert andre kildar, er berekna til ca 2500 kg pr år. I følgje resipientvurderinga til NIVA kan Hartevatn tåle 3000-4000 kg fosfor pr år.

Utsleppspunktet for det nye reinseanlegget er planlagt i sør-enden av Hartevatn, under lågaste regulerte vass-stand. Med tanke på at det alltid er vatnføring frå Hartevatn til Otra ønskjer ikkje fylkesmannen at utsleppet skal komme for nær utløpet til Otra. Otra reknast som er ein sårbar resipient for forureining. Vi krev også at utsleppet kjem så dypt at det ikkje vil vere synleg i overflata og dermed forringe badelivet og friluftslivet i Hartevatn og i Otra. Utsleppspunktet må difor komme djupare enn lågasete regulerte vass-stand (kote 757,3) som er det omsøkte utsleppspunktet. Ved å lede utsleppet under termoklinen vil ein sikre at badeliv og friluftsliv om sommaren ikkje blir forringa av utsleppet.

Det må setjast i gang eit miljøovervakingsprogram som skal dokumentere om utsleppet frå reinseanlegget har ein påverknad på resipienten. Miljøovervakinga må skje i samsvar med forurensingsforskrifta § 14-9.

Fylkesmannen føreset at alle nye bustader blir tilknytta reinseanlegget og tilrår at kommunen jobbar for å tilknytte eksisterande bustader/fritidsbustader.

Fylkesmannen har fastsett risikoklasse 3 for dette reinseanlegget. Risikoklassen seier noko om forureiningspotensialet til ei verksemd. Det tas omsyn til resipientforholdene og utsleppets art og storleik. SFT sin rettleiar er lagt til grunn ved fastsetting av risikoklasse. Potensialet for utslepp er vurdert til moderat og resipienten er vurdert til middels. Dette tilseier at verksemda blir plassert i risikoklasse 3.

Fylkesmannen sett strenge krav til reinsing av utsleppsvatnet og funksjonskrav til leidningsnett, og saman med fortynningseffekten er det ikkje forventa at fosforutsleppet vil føre til negative miljøkonsekvensar for vatnkvaliteten i Hartevatn.

Med dei planlagde tiltaka og fastsette vilkår, samt generelle krav i forureiningsforskrifta kap 14, finn fylkesmannen det akseptabelt å innvilge utsleppsløyve for utslepp frå reinseanlegget til Hartevatn.

1.3 Klagefrist

Dette utsleppsløyvet kan i medhald av forureiningslova § 85 påklagast til Statens Forurensningstilsyn innan ein frist på 3 veker frå det er motteke. Ei eventuell klage sendast Fylkesmannen i Aust-Agder. Klagen skal framsettjast skriftleg og bør vere grunngjeve. Sjå og forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 29, 32, 36 og 42.

DEL 2 VILKÅR FOR UTSLEPPSLØYVET

2.0 Utsleppsramme

Løyvet er avgrensa til ein forureiningsproduksjon som svarer til 20 000 pe ved maksimal vekebelastning.

2.1 Utsleppssted

Avløpsvatnet frå reinseanlegget skal ledast ut i Hartevatn via rørleidning og sleppast ut på ca **kote 740**. Utsleppet skal ikkje vere synleg i overflatevatnet.

2.2 Funksjonskrav

Bykle kommune pliktar gjennom sitt IK-system, instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid blir mest mogleg avgrensa. Avløpssystemet (leidningsnett og reinseanlegg) skal utformast og haldast vedlike slik at anlegget fungerer etter si hensikt. Ein skal leggje spesiell vekt på å førebyggje lekkasjar, innlekking av grunnvatn og avgrense utslepp som følgje av overløp frå regnvatn.

For å unngå utslepp i samband med kortvarig driftsstans, skal pumpestasjonar ha reservevolum dimensjonert for tre timars full driftsstans. Alle avløpspumpestasjonar skal dessutan ha minst to pumper, fjernovervaking og moglegheit for fjernstyring. Naudoverløp skal førast til Hartevatn via lausmassefilter.

Avløpssystemet skal utformast slik at det er mogleg å måle og ta representative prøvar av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet.

Bykle kommune skal sørge for at alle delar i avløpsanlegget blir bygd og halde vedlike i samsvar med dei krav som går fram av dette løyvet og gjeldande rettleiingar og retningslinjer. Skader og uhell skal utbetrast slik at dei ikkje fører til unødige belastningar på miljøet.

Bykle kommune skal gjennomføre risikoanalysar for dei ulike delane av avløpsanlegget for å fastslå kva slags sikkerhetstiltak som skal bli bygd inn i anleggsdelane.

2.3 Tilknytning

Kommunen må ha ei målsetjing om at alle nye utslepp i reinsedistrikta skal bli tilknytta reinseanlegget og jobbe for å tilknytte eksisterande bustader/fritidsbustader som ikkje kan dokumentere at eksisterande avløpsystem fungerer tilfredsstillande og har reinseeffekt som svarer til det kommunale anlegget.

2.4 Reinsekrav

Reinseanlegget skal til ei kvar tid drivast slik at reinseresultatet blir best mogleg.

Bykle kommune skal sikre at avløpsvatnet med utsløpp til Hartevatn gjennomgår reinsing og får ein kvalitet minst tilsvarende følgjande krav:

Parameter	Reinseffekt	Maksimal konsentrasjon (mg/l O ₂)
Tot-P	90 %	-
BOF ₅	70 %	25
KOF _{CR}	75 %	125

Konsentrasjonskravet eller reinseffektkravet må oppfyllest for både BOF₅ og KOF_{CR}. Det inneber og at ein kan etterkome konsentrasjonskravet for BOF₅ og reinseffektkravet for KOF_{CR}, eller motsett.

Forureiningsforskrifta § 14-13 stiller krav til korleis ein skal vurdere analyseresultata og dermed kunne dokumentere om reinsekrava blir overhaltdt.

2.5 Internkontroll, målingar, rapportering

Eigenkontroll og ansvar

Bykle kommune pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid vil vere mest mogleg avgrensa. I dette ligg blant anna ei plikt til, så langt som mogleg, å søkje å hindre unormale driftsforhold som forårsakar for høge utsløpp, og til å redusere eller innstille drifta under slike forhold om det elles ville oppstå vesentlege overskridingar av dei normale utsløppa.

Overhalding av grenseverdier

Bykle kommune skal ha oversikt over alle utsløpp til resipientar som er påverka, mellom anna utsløpp frå reinseanlegg, overløp, naudoverløp, lekkasjar, utsløpp av overvatn og andre direkteutsløpp.

Prøvetaking

Det skal takast regelmessige prøvar av utløpet frå reinseanlegget for å dokumentere reinseffekt og utsløppsmengder.

Talet på prøvar, analyseparametre og prøvetakingmetodar skal vere i samsvar med Forureiningsforskrifta kap. 14, §§ 14-11 og 14-12, og kap. 11 *Generelle bestemmelser om avløp*, vedlegg 2. Dette inneber (når maksimal belastning i ei dimensjonerande veke er høgare enn 10 000 pe) at 24 prøvar per år frå innløp og utløp skal analyserast for:

Prøveparameter	Tal analyser per år	Største tal prøvar som ikkje treng å oppfylle maksimalkrava
Tot-P	24	3
BOF ₅	24	3
KOF _{CR}	24	3

Kontrollprøvar av inn- og utløpsvatn i reinseanlegg skal takast som døgnblandprøvar når prøven skal analyserast for BOF₅ eller KOF_{CR}. Det skal takast døgn- eller vekeblandprøvar når prøven skal analyserast for tot-P. Prøvane skal vere representative for avløpsvatnet og takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem.

6 av prøvane frå inn- og utløp skal kvart år analyserast for tot-N, jfr forureiningsforskrifta kap 14, vedlegg 2, pkt. 2.1 c).

Dersom avløpsanlegget blir utvida til ei maksimal belastning i dimensjonerande veke på 20 000 pe slår det inn eit krav om prøvetaking av tungmetall for 6 av prøvane frå inn- og utløp pr. år, jfr forureiningsforskrifta kap 14, vedlegg 2, pkt. 2.1 d).

Tidspunkt for uttak av prøvar skal avtalast mellom Driftsassistansen i Aust-Agder og fylkesmannen si miljøvernavdeling. Verksemdar som utfører prøvetaking skal frå 31.12.08 vere akkreditert for prøvetaking eller ha eit tilsvarande kvalitetetssikringssystem godkjend av ein kvalifisert nøytral instans. Analyse av kontrollprøvar skal utførast av akkreditert laboratorium.

Dersom reinseanlegget ikkje tilfredsstillar normale utsleppskrav kan fylkesmannen gje pålegg om gjennomføring av tiltak på reinseanlegget eller andre delar av avløpsanlegget.

Overløp og andre utslepp

Utslepp frå overløp skal dokumenterast av Bykle kommune.

Utslepp frå naudoverløp skal bereknast av Bykle kommune på grunnlag av registrert driftsstans ved pumpestasjonar, reinseanlegg og liknande, eventuelt ved direkte målingar av vassmengd og konsentrasjonar.

Utslepp pga lekkasjar, feilkoplingar o.l. skal oppgjevast av Bykle kommune på grunnlag av berekna verknadsgrad for transportsystemet, om ikkje betre metodar blir brukt.

Rapportering og varsling

Den som har fått utsleppsløyve skal **innan 1. februar kvart år** rapportere nødvendige opplysningar til **kommunen**. Opplysningane i rapporten til kommunen skal tilsvare dei opplysningar som blir krevd i KOSTRA-skjema. Nødvendige opplysningar skal i tillegg rapporterast via driftsassistansen sin årsrapport.

Fylkesmannen skal ha tilsendt rapport frå overvaking av resipient i samsvar med miljøovervakingssystemet som er krevd i punkt 2.8.

Den som har fått utsleppsløyve pliktar til ei kvar tid å kunne gi opplysningar om tilstanden til avløpsanlegget. Fylkesmannen eller den han gjev myndigheit, skal ha uhindra tilgang til å inspisere avløpsanlegget, jf. forureiningslova § 50. Ved planlagde tiltak som kan medføre utslepp av råkloakk, skal fylkesmannen varslast på førehand. Unormale tilstander ved anlegget, til dømes havari og driftsstans, som kan føre til unormalt store utslepp, skal varslast umiddelbart til fylkesmannen.

Fylkesmannen skal ha oversendt avviksmelding dersom det skjer uhell som har eller kunne ha medført alvorleg forureining. Rapporten skal greie ut om kva for tiltak som er utført. Fylkesmannen skal og ha varsel snarast dersom utsleppet blir overskride med 100 % av det reinsekravet tilseier, jfr. Forureiningsforskrifta 14-14. Overutslepp og overskriding av reinsekrav skal rapporterast i årsrapporten.

Bykle kommune skal gjennom sitt internkontrollsystem legge opp til varslingsrutinar som er praktisk moglege å gjennomføre.

Internkontroll

Etter *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta), fastsett 6. desember 1996, pliktar Bykle kommune å utarbeide eit internkontrollsystem for verksemda si, for å sikre at mellom anna krava i dette utsleppsløyvet blir overhaldt.

2.6 Drift og vedlikehald

Bykle kommune skal sørge for å ha tilstrekkeleg personell til å kunne gjennomføre dei drifts- og kontrolltiltaka som løyvet krev.

Bykle kommune skal heile tida ha full oversikt over funksjonen til og effekten av avløpsanlegget. Ajourførte oversikter over driftsforhold og utsløppsmengder skal når som helst kunne bli lagt fram for forureiningsmyndigheita til gjennomsyn.

Lekkasjar og ukontrollerte utslipp skal i størst mogleg grad bli eliminert. Difor skal avløpsanlegget utformast, drivast og haldast vedlike i samsvar med dei kvalitetskriteria som går fram av driftsinstruksane og internkontrollsystemet til anlegget, samt relevante rettleiingar/retningslinjer for avløpsanlegg, slik at krava i utsløppsløyvet overhaldast. Det skal kontrollerast at bekker ikkje blir tilført forureiningar frå transportsystemet og at leidningar for overvatn ikkje fører spillvatn. Vedlikehald og normale reparasjonar av avløpsanlegga skal kunne utførast utan at krava i utsløppsløyvet blir overskride. Feil som medfører utslipp av råkloakk skal normalt vere retta seinast 24 timer etter at feilen blei oppdaga eller varsla.

2.7 Slamhandsaming

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 04.07.2003 regulerer alle forhold rundt slam og handtering av slamprodukt.

2.8 Overvaking av resipient

I medhald av forureiningslova § 51 skal Bykle kommune sørge for at det setjast i gang overvaking av resipienten etter eige utarbeida program. Hartevatn vil, som følgje av det nye reinseanlegget, få tilført ei stor auke av bl.a. fosfor. Det auka utslippet kan føre til at resipienten nærmar seg eit maksimalt akseptabelt fosforinnhald og difor er det viktig å ha kontroll med korleis resipienten tåler det auka utslippet. Samtidig er det viktig å få informasjon om Otra får tilført auka forureining som følgje av det nye utslippet.

Fylkesmannen krev derfor ei overvaking av resipienten, og resultatane frå overvakinga skal rapporterast til fylkesmannen. Overvakingssystemet skal samordnast med nasjonale og/eller regionale overvakingssystem, og skal omfatte rutineundersøkingar for kartlegging av tilstand i vassførekomstar for om mogleg å påvise verknader av dei utslipp som blir gjort. Programmet skal sendast fylkesmannen før anlegget setjast i drift.

Overvakinga skal skje i samsvar med forureiningsforskrifta § 14-9. Overvakinga skal igangsetjast slik at rapportar kan sendast fylkesmannen kvart 4. år, fyrste gong innan utgangen av 2011.

Fylkesmannen kan og pålegge Bykle kommune å medverke til, eller koste spesielle undersøkingar eller andre liknande tiltak som har relevans til dette utslippet.

2.9 Andre tiltak

Utføring og drift av avløpsanlegget skal rettast inn etter relevante rettleiingar og retningslinjer.

2.10 Endring

I medhald av forureiningslova § 18 kan fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår. Om naudsynt kan fylkesmannen trekkje løyvet attende. I alle høve kan løyvet trekkast attende eller endrast når det har gått 10 år frå det vart gjeve.